



Kunnskapsdepartementet

Vår ref
2006/1433-3/A10

Dykkar ref:

Saksbehandler
Sissel Oliv Garseth

Dato
02.01.2008

Høringssvar til høringsnotat om endringar i lov 17. juni 2005 nr 64 om barnehager (barnehageloven); rett til barnehageplass, rammefinansiering, finansiering av ikkje-kommunale barnehager og innhenting av nødvendige data i barnehagesektoren.

Her er Aukra kommune sitt høyringssvar til dei foreslårte lovendringane:

Innføring av lovfesta rett til barnehageplass.

Aukra kommune meiner at lovfesta rett til barnehageplass skal innførast når full barnehagedekning er oppnådd. Då må det vere ein reell full barnehagedekning i kommunane, så definisjon på full dekning og gode verkty for kartlegging av måloppnåing må vere på plass.

Høyringsnotatet meiner å ha belegg for at det ikkje vert noko auka etterspørsel ved innføring av lovfesta rett. Vi meiner at ein må ta høgde for at dette er ein variabel saman med variablar som mellom anna svingingar i fødselstal som kommunane då må slite med, ved auka etterspørsel.

Sett i samanheng med andre etablerte velferdsordningar for familiar med barn under eitt år, som beskreve i høringsnotatet, kan den lovfesta retten gjelde frå barnet er fylt 1 år.

Det må, i tillegg til hovedopptak, gjerast supplerande opptak til barnehagane slik at barn som fyller eitt år på ulike tider på året, får ein reell rett til plass ved fylte eitt år. Kommunane kan sjølv i vedtekter for opptak avgjere kva som er rimeleg tid frå søknad er motteken til barnet kan ta til i barnehagen.

Den reelle retten til plass må og sjåast i samanheng med kor i kommunen/skolekrinsen barnet får plass. Familien må kunne nyttegjere seg av plassen – reint geografisk/praktisk ein skal kunne seie å har full dekning.

Den lovfesta retten til plass treng ikkje innførast gradvis då den først skal innførast når full barnehagedekning er nådd.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
Falkhytten 6480 Aukra E-post: post@aukra.kommune.no	Falkhytten Org.nr. 964 981 337 www.aukra.kommune.no	71 17 15 00 Telefaks 71 17 15 01	4065 07 30005 Bankkto. skatt 7855 05 15473

Konklusjon: Aukra kommune ønsker at lovfesta rett til barnehageplass skal innførast ved full barnehagedekning og gjelde fra barnet er fylt eitt år. Det må i tillegg til hovedopptaket gjerast løpande opptak gjennom barnehageåret slik at barn får plass ved fylte eitt år.

Innlemming av statstilskotta til barnehager i inntektssystemet til kommunane.(rammefinansiering)

Aukra kommune meiner at innlemming av statstilskotta til barnehagane på eit for tidleg tidspunkt vil ha fleire ulemper:

- Tilskotta har vore aktivitetsberekna til no og slik teke innover seg svingingar i barnet. Det har slik vore tilskott til reell aktivitet. I tillegg til at dette vert opplevd som rettferdig for barnehageeigar, er det og forutsigbart for drifta. Ved innføring av lovfesta rett til plass må kommunane påberekne ein viss slakk for å kunne møte svingingar i etterspørsel. Dette og gjer øyremarking av tilskott til ei betre finansieringsform.
- Tilskotta har vore med på å stimulere til utbygging av nye plassar. Rammefinansiering tek ikkje opp i seg kapitalkostnader (renter/avskrivingar) og vil såleis vere ei dårlegare ordning for kommunar utan nok plassar, eller kommunar som vil få behov for fleire plassar ved auka etterspørsel. Svingingar i storkleik på barnekulla vil i ein liten kommune som Aukra kunne gi store utslag for etterspørselen.

Konklusjon: Aukra kommune ønsker ei vidareføring av øyremerka tilskott til lovfesta rett er innført og til full barnehagedekning er nådd.

Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar.

Dersom kommunane vert pålagt å utarbeide lokale forskrifter til finansiering av private barnehager, stiller dette store krav til kompetansen i den enkelte kommune, jfr det sentrale reknearket som no vert nytta. Det vert og ein fare for at det vert store forskjellar, større enn no, på likebehandlinga av kommunale og private barnehagar frå kommune til kommune. Ønsker at ordninga skal vidareførast som no.

Konklusjon: Aukra kommune ønsker at forskrift for likeverdig behandling av kommunale og private barnehagar skal vidareførast som no.

Innhenting av nødvendige data i barnehagesektoren.

- Forslag til lovheimel for kva data som skal innhentast i barnehagesektoren vert positivt motteken av Aukra kommune då målet med dette er at det vert tydeleg for brukarane kva data som skal innhentast og kva denne informasjonen skal brukast til.

Konklusjon: Aukra kommune ønsker innføring av lovheimel for kva data som skal innhentast i barnehagesektoren.

For Aukra kommune

Sissel Oliv Garseth
Einingsleiar
Barnebo barnehage
Aukra kommune

Trond Ljoså
Pedagogisk konsulent
Aukra kommune